

ADVOKAT
ARNE GJERAKER
MNA

Sogndal, 11. februar 2014

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kulturavdelinga
postboks 173
6801 Førde

SAK NR. 11/5283-7

**KLAGE – SØKNAD OM OVERTAKING OG/ELLER TILSKOT TIL FRAMTIDIG
VEDLIKEHALD AV PRIVAT VEG TIL DEN FREDA EIGEDOMEN , GNR 1, BNR1,
ORMELID I LUSTER KOMMUNE**

1. Eg viser til brev herifrå av 9.1.2014 og til dykkar vedtak av 5.2.2014, motteke her 10.2.2014.

Vedtaket vert med dette påklaga på grunnlag av manglar ved sakshandsaminga og/eller feil rettsbruk.

Underteikna representerer buet etter Erling Johannes Ormelid og kan opplysa at det er ei pågåande rettssak om eigedomsretten til Ormelid, gnr. 1, bnr. 1 i Luster kommune.

Alt etter utfallet av rettsaka vil framtidige eigarar bli Stiftinga Ormelid gard heilt eller delvis og/eller personar i slekt med avlidne Erling Johannes Ormelid heilt eller delvis.

2. **Nærare om klagegrunnlaget**

Fredinga av gnr. 1, bnr. 1 i Luster kommune og deler av felles utmark med bnr. 2 har medført at det offentlege òg har overtatt eit medansvar, som inkluderer plikter, for forvaltninga av nemnde eigedomar – dette gjeld for aktuell eigedom som ikkje har noko reelt framtidig inntekspotensial.

Eigarane kan ikkje leva med at det offentlege ikkje vil ta noko ansvar for framtidig vedlikehald, inkludert vedlikehald av privat veg til eigedomen.

Når det ikkje er eit framtidig inntekspotensiale for eigedomen med fredinga vil ein mogleg konsekvens vera at det vert minimalt framtidig vedlikehald.


At det offentlege òg tek del i årleg kostnad for framtidige vedlikehald av vegen vil gje eigarane eit signal om eit visst offentleg medansvar .

Vegen er dels bratt og treng opprusting og vedlikehald, spesielt for å ta hand om vatn og/eller småras langs vegen. Ved manglande kontinuerleg vedlikehald vil vegen om få år vera ubrukeleg på grunn av forventa vasskader.

Vedlikeholdet dei siste åra har vore gjort av eigar av gnr. 1, bnr. 2, Andreas Otterhjell.

Med tilvising til ovannemnde vert det bedd om at Riksantikvaren gjev uttale før klagen vert handsama.

Med helsing



Arne Gjeraker

Brevet vert sendt til Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga, Førde

Kopi: Luster kommune, Rådhuset, 6868 Gaupne
Stiftinga Ormelid gard, v/ styreleiar Ivar Kvalen, Rådhuset, 6869 Hafslo
Riksantikvaren, postboks 8196 Dep, 0034 Oslo,
Sogn tingrett, postboks 34, 6851 Sogndal
Andreas Otterhjell, Lægene, 6877 Fortun